

Solveig Helen Sundt
Trygve Nilsens vei 36 A
1061 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19123 - 21/74977

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
10.11.2021

Førebels svar med trong for yttarleg informasjon - gbnr 1/14 Flatøy

Tiltak: Frådeling av tomt rundt eksisterande hus
Byggjestad: Gbnr:1/14
Tiltakshavar: Solveig Helen Sundt
Ansvarleg søkjar: Adv. Hammervoll Pind AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Viser til telefonsamtale med Jan Egil Sundt i dag og til e-post frå advokat Øystein Sandstå Jacobsen datert 11.05.2021 med svar på spørsmål om avkøyring.

Følgjande må avklarast før saka kan handsamast.

1. Dersom ein ønskjer at søknaden skal endrast til å gjelda søknad om frådeling av tomt til fritidsbustad må det søkjast om dispensasjon frå reguleringsplanformålet. I gjeldande reguleringsplan er tomta sett av til bustadformål. Slik dispensasjon skal vera nabovarsla. Ved tomt til fritidsbustad kan parkering vera på ein annan stad enn tomta. Men, det er ikkje heilt sikkert at parkeringsplassen det er gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrse for i saknr 551/21 datert 07.05.2021 vil verta godkjent.
2. Om ein opprettheldt at søknaden gjeld frådeling av bustadtomt slik reguleringsplanen legg opp til. Må løyve til avkøyring og parkering vera på plass slik vegavdelinga i kommunen skriv i sin uttale i saka datert 07.01.2021. Krav om parkering for minimum 2 bilar og moglegheit til å kunne snu på eigen grunn er nedfelt i kommunedelplan for Meland punkt 1.6.9 og 10.
3. Det må søkjast om godkjenning av eksisterande avløpsløyving. Denne må tilfredsstillast dagens krav til avløpsløyving. Størrelse på slamavskiljar må oppgjevast. Det må opplysast om det er gjeve utsleppsløyve frå slamavskiljaren eller for andre leidningar som denne eventuelt er kopla til. Traseen for leidning til sjø, eventuelt kvar leidning er kopla til andre, må visast. Ta gjerne kontakt med Hogne Askeland på miljø og tilsynsavdelinga i Alver kommune om det skulle vera spørsmål kring det med avløpsløyvingar.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 12.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Egil Sundt
Solveig Helen Sundt

Tunveien 10
Trygve Nilsens vei 36 A

1475 FINSTADJORDET
1061 OSLO